

---

Vår referanse 2020/50816-2  
Dato 13.05.2020

---

Dalheim Rasmussen advokatfirma  
Postboks 2026  
5817 BERGEN

## Forlenga tilsagnsfrist - avkjørsel - fv 5464 - gnr 212 bnr 23 - Alver kommune

Vi viser til søknad motteke 01.04.2020 om forlenga frist for tilsagn gitt av Statens vegvesen datert 01.06.2017.

Vestland fylkeskommune utvidar fristen med 1 år frå d.d med same vilkår som sett i Statens vegvesen si tilsagn 01.06. 2017.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkjørsel frå fv. 5464 til bustadeigedom gnr. 212 bnr. 23 i Alver kommune.

Veg: Fv. 5464 hp 1 km 0,820

### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkjørsel skal utbetrast og vedlikehaldast: *Krav til utforming av avkøyrsla*, prinsippskisse som ligg ved.
  - a. Siktkrav er 4 x 30 m fri sikt. Det kan ikkje vere sikthinder i siktsona høgare enn 1,1 meter. Evt planter i siktsona skal ikkje vere høgare enn 0,5 meter. Det er behov for vegetasjonsrydding mot venstre.
  - b. Svingradius skal vere 6 meter (12 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg med grøft, betongkant eller anna avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkjørselen skal vere maks. 5,5 meter bredt og må innsnevrast. Utforminga må tilpassast stadlege tilhøve slik som dagens mur og skal strekke seg minst 4 meter ut frå vegkant (kvitstripe)
  - c. Avkøyrsla skal ha helling frå fylkesvegen slik at ein unngår vatn å renne inn i vegen. Vi er særleg opptatt av helling dei første 5 meterane, sjå prinsippskisse.
2. Løyvet gjeld tilkomst til bustad.
3. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

5. Eigaren eller brukaren av avkjørsel har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkjørsel* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.
6. Avkjørselen skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkår ovanfor, deretter kontrollert og godkjent av Vestland fylkeskommune innan 1 år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsagnet bort.
7. Når avkjørsla er opparbeida etter krava så ta kontakt med Vestland fylkeskommune for ferdigbefaring og endeleg godkjenning og bruksløyve.
8. Kommunen skal ikkje gje igangsettelsesløyve til omsøkt bygg før endeleg godkjent avkjørsleløyve er gitt frå Vestland fylkeskommune, jf Plan og bygningslova, § 27-4. Når krav til frisikt er oppfylt kan kommunen gje løyve til naudsynt grunnarbeid.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkjørsla kan krevje arbeidsvarsling. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

### **Bakgrunnen for vedtaket**

frå Statens vegvesen

### **Rett til å klage**

Vedlagt skjema [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løtveit  
Leiar

Eva Sundal  
overingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

Krav til utforming av avkjørsel (prinsippskisse)

Skjema: Klage på forvaltningsvedtak

Veglova § 40 og § 43

Kopi til:

ALVER  
KOMMUNE